



Alver kommune,
Havnevegen 41 A,
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

ALVER KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Innleiing

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2020 og økonomiplan 2020-2023, vedteke i kommunestyremøte 19.desember 2019.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunane følgje opp.

Oppsummering av Fylkesmannens vurdering

Kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Det er nødvendig å gjennomføre tiltak som kan styrke økonomien.

Kommunen har så store økonomiske utfordringar at nye investeringar og låneopptak i stor grad bør vere avgrensa. Vi rår kommunen til å avgrense nye låneopptak frå og med 2021 til avgiftsfinansierte investeringar og ferdiggjering av to store investeringar som er starta opp.

Det er viktig at kommunen gjennomfører tiltak for å unngå at disposisjonsfondet blir redusert så mykje som pårekna i år og neste år. Kommunen vil bli økonomisk sårbar med liten handlefridom dersom disposisjonsfondet blir redusert så mykje som pårekna.

Som følgje av koronautbrotet får kommunane utfordringar med økonomien. Fylkesmannen vil følgje dette særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

Budsjett 2020

Kommunen har budsjettert med kr 786,43 mill. i skatt på eige og inntekt for 2020.

Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 1730,6 mill. Det vil vere særleg stor uvisse knytt til skatteutviklinga i år, både for kommunen og for kommunane samla i landet.



I tillegg kjem uvisse knytt til utbetaling frå havbruksfondet. Det er innarbeidd ei pårekna utbetaling på kr 20 mill. frå fondet i budsjettet.

Stortinget har vedteke å auke innbyggjartilskotet til kommunane med kr 3,75 mrd. i samband med virusutbrotet. Alver kommune sin del av dette utgjer om lag kr 21,0 mill. Stortinget har også vedteke å auke rammetilskotet til kommunane med kr 1,0 mrd. som kompensasjon for bortfall av foreldrebetaling i barnehagar og SFO. Dette utgjer kr 6.055.000,- for kommunen.

Det skal skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 c for eigedomsskatteåret 2020. Skattesatsen for 2020 er sju promille. Det skal også skrivast ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunlaget, med heimel i overgangsregelen i eigedomsskattelova. Eigedomsskatten for 2020 er sju promille også for det særskilte skattegrunlaget.

Som følge av omlegging av regelverket for eigedomsskatt, er desse inntektene reduserte for kommunen frå og med 2019. Nedtrappinga går over ein periode på sju år. Denne inntektsreduksjonen for eigedomsskatt blir i hovudsak kompensert gjennom auka statleg rammetilskot.

Kommunane Meland og Radøy hadde begge eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar til og med 2019. Denne delen av eigedomsskatten blir ikkje vidareført i den nye kommunen. Innkomen eigedomsskatt i 2019 var i kommunane Lindås, Meland og Radøy til saman kr 187,6 mill. Budsjettert eigedomsskatt for 2020 er kr 142,4 mill. for den nye kommunen. Nedgangen i eigedomsskatt frå 2019 til 2020 skuldast både den nemnde omlegginga av regelverket for eigedomsskatt og at eigedomsskatten for bustader og fritidseigedomar ikkje er vidareført i dei tidlegare kommunane Radøy og Meland.

Det er budsjettert med utbytte frå BKK med kr 24,1 mill. for 2020. Alver kommune sin eigardel av aksjane i selskapet vil vere 3,45 prosent.

I kommunelova er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege ordinære avdrag. Etter kommunelova paragraf 14-18 skal lån til investeringar bli nedbetalt med årlege avdrag. Avdraga skal samla kvart år vere minst lik storleiken på kommunen sine avskrivningar i rekneskapsåret, justert for den prosentdelen som lånegjelda utgjer av kommunen sine anleggsmidlar.

Det er budsjettert med kr 98,2 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dei budsjetterte avdraga oppfyller kravet til minimumsavdrag i den nye kommunelova.

I rekneskapsen for 2019 for dei tre tidlegare kommunane var det følgjande netto driftsunderskot:

Meland kommune,	- kr 16 ¼ mill.
Radøy kommune,	- kr 15,1 mill.
Lindås kommune,	- kr 17,7 mill.

Det var difor eit betydeleg meirforbruk i alle dei tre kommunane i 2019. Det var berre ein liten del av dette som skuldast kommunesamanslåinga.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, på minst 1,75 prosent for kommunane generelt.



Det er eit netto driftsunderskot i budsjettet for 2020 med kr 41,6 mill. Dette underskotet er planlagt dekt med bruk av disposisjonsfond.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunen har budsjettert med eit stort netto driftsunderskot for 2020. Netto driftsunderskot i budsjettet, kr 41,6 mill., svarer til minus 1,7 prosent av driftsinntektene. Den faktiske utviklinga i år er endå svakare enn dette som følgje av vidareføring av meirforbruk frå 2019.

Dei tre samanslåingskommunane hadde alle betydelege meirforbruk i 2019. Første tertialrapport for i år syner at meirforbruk i 2019 er vidareført inn i den nye kommunen i år. Estimert netto driftsresultat i år er forverra frå budsjettert - kr 41,6 mill. (- 1,7 prosent) til - kr 62,3 mill. (- 2,6 prosent).

Kommunen er difor i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Det er nødvendig å gjennomføre tiltak som kan styrke økonomien. Tiltak kan vere å styrke inntektene og/eller gjennomføre driftsinnsparingar.

Investeringsbudsjettet 2020

I 2020 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 560,1 mill. Av dette utgjer avgiftsfinansierte investeringar i vassverk og avlaup til saman kr 195,8 mill. Dei største investeringane i år, utanom avgiftsfinansierte investeringar, er i ny Alversund barneskule, ny barnehage Lindås og barnehage Bø.

Investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån, kr 481 ½ mill. Investeringane blir elles for ein stor del finansierte med momskompensasjon, om lag kr 72 ½ mill.

Eigenkapitalinnskott i KLP, kr 6,4 mill., blir finansiert av midlar frå drift.

Kommunane Radøy, Meland og Lindås hadde følgjande langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2019:

Radøy kommune

Brutto langsiktig lånegjeld	kr 424,9 mill.
-målt per innbyggjar	kr 82.840,-
-målt i prosent av driftsinntektene	79,7 prosent

Meland kommune

Brutto langsiktig lånegjeld	kr 793,1 mill.
-målt per innbyggjar	kr 98.100,-
-målt i prosent av driftsinntektene	120,8 prosent

Lindås kommune

Brutto langsiktig lånegjeld	kr 1716,7 mill.
-målt per innbyggjar	kr 108.700,-
-målt i prosent av driftsinntektene	115,3 prosent



Landsgjennomsnittet for 2019 for lånegjeld målt i prosent av driftsinntektene, utanom Oslo, var 110,5 prosent.

Samla brutto langsiktig lånegjeld for dei tre kommunane var difor om lag kr 2,9 mrd. ved utgangen av 2019. Pensjonsforplikting er ikkje rekna med i beløpa for lånegjeld.

Fylkesmannen sin kommentar

Som følgje av store låneopptak i år, kjem lånegjelda til å auke vesentleg. Det fører til auka økonomisk belastning for kommunen gjennom høgare renteutgifter og avdrag. I tillegg kjem driftsutgifter på sjølve investeringane. I økonomiplanperioden etter 2020 er dei planlagde investeringane og låneopptaka noko meir moderate.

Kommunen har lagt til grunn at pårekna innsparingar vil frigjere midlar til å finansiere investeringar. Desse innsparingane må bli spesifiserte og konkretiserte nærare slik at dei er realistiske.

Kommunen har så store økonomiske utfordringar at nye investeringar og låneopptak i stor grad bør vere avgrensa. Fylkesmannen rår difor kommunen til å berre ta opp lån til følgjande investeringar frå 2021 og inntil vidare:

- Avgiftsfinansierte investeringar innan VAR-sektoren og eventuelt andre investeringar som er fullt ut sjølvfinansierande gjennom auka inntekter t.d. leigeinntekter.

- Ferdiggjering av Alversund barneskule og ny barnehage Lindås.

Vi rår kommunen til å avgrense låneopptaka i samsvar med dette frå og med år 2021 og inntil vidare. Avgrensinga i investeringar og låneopptak er viktig som følgje av den noverande økonomiske situasjonen og pårekna økonomiske utvikling.

Økonomiplan 2020 - 2023

I økonomiplanen er det lagt opp til netto driftsunderskot for kvart av åra 2020, 2021 og 2022. Samla netto driftsunderskot i økonomiplanen for dei tre åra er om lag kr 76,2 mill. Årlege netto driftsunderskot er planlagt trappa ned i perioden. I 2023 er det lagt opp til eit netto driftsoverskot, men det er likevel lågare enn det tilrådde minstenivået på 1,75 prosent av driftsinntektene.

Dei tre kommunane hadde følgjande disposisjonsfond ved utgangen av 2019:

Radøy kommune,	kr 31,2 mill.
Meland kommune,	kr 14,5 mill.
Lindås kommune,	kr 227,7 mill.

Samla disposisjonsfond var difor om lag kr 273 mill. på tidspunktet for samanslåinga til den nye kommunen.

Sum disposisjonsfond for dei tre kommunane samla ved utgangen av 2019 kan reknast til om lag 10,2 prosent av driftsinntektene.



Fylkesmannen sin kommentar

Vår vurdering er at kommunen bør ha årlege netto driftsoverskot som er større enn 1,75 prosent av driftsinntektene på bakgrunn av kommunen sine høge inntekter. Disposisjonsfondet i byrjinga av 2020, om lag 10,2 prosent av driftsinntektene, er om lag på det nivået som fondet minst bør vere på over tid.

Den pårekna utviklinga i netto driftsresultat og disposisjonsfond er vesentleg svakare enn det budsjett og økonomiplan gir uttrykk for. Bakgrunnen for dette er meirforbruk i 2019 i dei tre tidlegare kommunane som er vidareført i 2020.

I ovanfor nemnde beløp for disposisjonsfond inngår midlar som er langsiktig plassert og flyktingfond m.m. Generelt disposisjonsfond utanom dette er rekna til kr 111,4 mill. per 01.01. i år. Fondet vil bli vesentleg redusert i år som følgje av pårekna netto driftsunderskot. Dersom meirforbruk frå 2019 blir vidareført både i 2020 og 2021, kan kommunen ha brukt opp heile det generelle disposisjonsfondet ved utgangen av 2021.

Det er på denne bakgrunn viktig at kommunen gjennomfører tiltak for å unngå at disposisjonsfondet blir redusert så mykje som pårekna i år og neste år. Kommunen vil bli økonomisk sårbar med liten handlefridom dersom disposisjonsfondet blir redusert så mykje som pårekna. Over tid bør fondet vere på eit like høgt nivå, målt i prosent av driftsinntektene, som i byrjinga av 2020.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent